



Ivar Gundersen (til venstre) og Kjetil Dagestad er klare for påskeutstilling. Mellom dei heng mellom andre ein rad portrett av Odd Nerdrum. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedelingane Ivar Gundersen og Kjetil Dagestad har no gjort til verkelegheit noko dei har snakka om ei stund: Å plukka ned ein god del av kunsten som dei har på veggjane heime og by han fram for sal i det einaste galleriet i Uskedalen.**

No skjer det - i Kunst & Ramme sine lokal - og den kunstengasjerte duoen planlegg å halda ope gjennom heile påska og nokre veker til.

- Både Ivar og eg plar frå tid til annan å skifta ut det vi har på veggjane. Det har vi gjort dei siste 10-15 åra. Det nye er at vi gjer det samla på denne måten, seier Dagestad til uskedalen.no.

Den spesielle påskeutstillinga har stor breidde med omsyn til kor kjende kunstnarane er. Også i tid er breidda som ein skjønar stor! Når det så gjeld teknikkar, går det mest i litografi. Blant litografia er det fem portrett av Odd Nerdrum og eitt av dei er eit godt kjend sjølvportrett. Det er neppe daglegdags at fem litografiar av landets mest særneigne og omdiskuterte målar i dei seinare åra blir lagt fram til sal samstundes. Også tre av elevane til Nerdrum er representerte – Hege Haugen, Eser Afacan og Natalie Holland.

Det er eit tresnitt av Astrup som er med i utstillinga. Ein tredje "storfugl", trøndaren Håkon Gullvåg, er også representert med litografi og det same er ein fjerde "storfugl", den utruleg allsidige og folkekjære Vebjørn Sand. Representert med litografi er vidare ein av læremeisterane til Sand – Walter Aas – som var frå Odda. Ein kan og finna ein litografi av Dag Hol medan Elisabeth Rosseland har eit akrylmåleri på veggjen i "Dagestad-galleriet".

Av Ola Matti Mathisen